

## *Hjelpeprosjektet NEPO2*

Postboks 28  
6781 STRYN

Telefon 57 87 23 49  
Telefaks 57 87 18 94  
nep02@adopsjonsforum.no



Ei lita jente frå Ghatte kula

26. juni 2008

### *Kjære gjevar til hjelpeprosjektet i 2007*

No har vi avslutta rekneskapan for 2007, og den ligg ved dette brevet. Vi har også fått ein statusrapport frå kontaktpersonen vår i Kathmandu. Vi prøver å formidle innhaldet i denne til dokke som har gjort det muleg å drive prosjektet.

Ein arbeider i 3 små landsbyar i Himalaya, Timure, Khaidi og Ghatte- kula, i ein lite utvikla del av Nepal. Området ligg ca 150 km. nord for hovudstaden Kathmandu, i sørhallinga frå Langtang på om lag 2350 meters høgde. Det er 24 familiar med mellom 150 og 200 innbyggjarar som er omfatta av prosjektet. 50 - 60 av desse er born under 14 år. Prosjektet starta i 2002, men kom først ordentleg i gang, som eit bistandsprosjekt under Adopsjonsforum, frå 2005.

Vi har lova at hjelpeprosjektet skal vere aktivt i minst 10 år, med ei årleg støtte på minimum USD 3 000. I 2007 har ein overført \$ 4 000, fordi prosjektet hadde økonomi til det, og fordi det vart gjort store investeringar i 2006.

Inntektene dette året har vore på kr. 33 750,-, og dei skriv seg frå vare sal på ulike arrangement, inntekter frå loddsal, og gåver frå faste og meir tilfeldige gjevarar. Heilt på slutten av 2007 fekk vi ein donasjon på kr. 5 000,- frå Adopsjonsforum si lokalavdeling i Nord Trøndelag. Ei særskilt takk til dei for denne viktige gåva. Vi har lagt inn nokre bilde frå mai 2007 i denne årsrapporten. Den lokale representanten, Sharad Gautam og familien hans gjer ein stor gratis innsats for hjelpeprosjektet.

I 2007 har ein arbeidd med følgjande aktivitetar:

### *Toalett tilhøva*

Tilsaman 5 familiar har i år fått hjelp frå prosjektet til å installere toalett i husa sine. Alle ventar no på at det skal kome vassforsyning til eigedomane, slik at dei kan nytte toalett ordentleg. I løpet av 2008 vil alle husa ha installert toalett, dette vil bli suksess historie nr. 1 for hjelpeprosjektet.

### *Vasskanalar*

Det vert no arbeidd med vasskanalar i to landsbyar:

#### Timure Ghatte kala:

Meir enn 70 meter av kanalen er hoggen inn i stupbratte fjellveggar, slik det går fram av bildet under. På grunn av dei vanskelege fjellforholda har ikkje framdrifta vore så god som vi hadde planlagt og håpa for dette året. For 2008 planlegg ein betydeleg større framdrift.



#### Kaidi:

Innbyggjarane i Kaidi er veldig motiverte etter installasjonen av toalett, som vi har skrive om tidlegare, og bygginga av vasskanalen. Dei har no bestemt seg for at dei vil betre vassforsyninga ved å knytte ei lita kjelde, Syangdel, til vasskanalen. Denne kjelda ligg nokre hundrede meter høgare oppe i fjella, men dei har allereie starta dette arbeidet. Det største problemet er mangelen på sand i samband med betongarbeid. Dei må gå tre timar ned til elvebotnen for å hente sand til støyping der. Vi skal hjelpe dei med m.a. å kjøpe inn sement til dette prosjektet.

#### Inntektsskapande tiltak:

Hjelpeprosjektet har også i 2007 hjulpet fattige til å delta i inntektsskapande aktivitetar. M.a. kjøkkenhagar, geite avl og dyrking av alternative vekstar. Kvinnegruppa har vore på feltbesøk for å få idear frå andre gardsbruk.

#### Aktivitetar for borna:

Ein har støtta skuleborna i Timure og Khaidi, slik at dei kunne reise på ein læringstur til ein nærliggande by, og dei har fått reise på ein liten piknik.

Vi vil gjerne seie tusen, tusen takk til alle som har vore med som fadderar, loddkjøparar eller som har kjøpt varer til inntekt for prosjektet. Vi vil også rette ei spesiell takk til dei familiare som har tatt med pengar til Nepal, slik at hjelpeprosjektet har spart kostnader til bankoverføringar. Vårt håp er at denne årsrapporten gjev folk lyst til å vere med prosjektet vidare.

Stryn, 2. februar 2008

**S i s s e l   o g   S t e i n a r   B r e k k e**